



Vestre Slidre
kommune

BRANN OG FEIERVESENET
FEIER

Mobiltilf.: 990 31 491 Tlf.kontor: 61 34 50 00



Info frå Feiaren !

Brannsjefen i Vestre Slidre kommune har bestemt at feiing skal utførast etter behov (minimumskravet er kvart fjerde år).

Feiaren har registrert sotmengda i pipene dykkar over fleire år, og har sett opp eit intervall på feinga etter dette.

Tilsyn av pipe og eldstad skal etter forskriftene utførast kvart fjerde år.

Vi har no starta opp med dette arbeide, og skal etter kvart koma rundt til alle i løpet av ei firårsperiode. Eit tilsyn innebær sjekk av alt som har med eldstaden, pipa, brannmur, plater under/framfor ovner, avstand til brennbart og elles alt som har med sikkerheiten i boligen å gjera. Det skal og registrerast type ovnar og korleis tilstanden på eldstaden er. Ein ting som også blir sjekka, er om det er montert røykinnføringsstuss i pipa. Dersom dette manglar, så må det ettermonterast, denne skal vera montert i alle typer piper.

Det blir og gjeve informasjon om følgjande:

- Råd om rett fyring og om kva ein skal gjera ved pipebrann.
- Råd om plassering, vedlikehald og bruk av sløkkjeutstyr.
- Råd om plassering og vedlikehald av røykvarslarar.

Når det gjelder pulverapparat så har desse ei levetid på 10 år, då skal dei byttast ut med nytt. Apparatet bør snus opp ned nokre gonger i året, dette for å halde pulveret laust. Det skal vera eit pulverapparat og minst ein røykvarslar i kvar boeinheit. Det kan og monterast husbrannslange, noko som er både betre og sikrare enn pulverapparat.

Feieavgifta er no lagt inn som fast årleg avgift, og lik for alle uavhengig om det vert feia kvart år eller ikkje. Feieavgifta kjem på faktura saman med renovasjonsavgifta og er delt på to betalingsterminar pr. år. Feieavgifta inkluderer også tilsyn, slik at det ikkje blir innkrevd sær avgift på tilsynsbiten.

Eventuelle manglar som er direkte brannfarlege, blir det sett ein frist for å utbetre. Håpar på positiv mottaking i heimen dykkar, då det er dykkar sikkerheit dette går på.

Med vennleg helsing

Reidar Johnsen
Feiar
Mob. 990 31 491